

## **Referat SU/SMU-møte 03.03.2016**

*Desse møtte:*

*Kirsti Floen, repr. Radøy kommune-fråfall*

*Monika Næss, FAU*

*Eirin Misje, FAU*

*Janne R. Mellingen, FAU*

*Maria Marøy, SFO-leiar-fråfall*

*Kristin V. Marøy, lærar*

*Kristin Helland, lærar*

*Stian Næss, elevrepresentant*

*Johanne Holgersen, elevrepresentant*

*Hanne-Mari Engen, rektor*

### **Støymåling klasserom**

Me har hatt støymåling i klasseromma, og der fann man at det er for mykje støy frå viftene/lufteanlegget på tekstilrommet og i rommet for mat og helse. GK-inneklima skal montera spjeld på kjøkkenventilatorane, og det skal gjerast i næraste tid. På tekstilrommet er ventilen støvsugd, så no er det mykje mindre støy der. Vaktmeistrane skal gå gjennom alle ventilane og støvsuga, for å sikra at lufta sirkulerer riktig.

### **Mobbing**

Me hadde lokal mobbeundersøking her på skulen i haust, og den viste at me har god elevtrivnad på Hordabø. Etter undersøkinga har skulen jobba med eit par mobbesaker som kom fram i undersøkinga. Desse sakene er no avslutta, i samarbeid med foreldra. Den nasjonale elevundersøkinga me hadde i januar, har me enno ikkje fått svar på. Skulen skal ha ny lokal mobbeundersøking no i vår. Skulen har gode interne rutinar for å fanga opp mobbesaker, og me jobbar systematisk for å løysa sakene.

### **Kurskveld med Barnevakten**

FAU skal prøva å få til kurskveld for føresette med Barnevakten – tema nettvett. Skulen kan betala for det. Monika skal undersøkja om kan få kurskveld i vår.

### **Beredskapsplan for Radøyskulen**

Me held no på å revidera beredskapsplan skule/barnehage.

Referent Hanne-Mari Engen, rektor